

Rosendal på plass nummer 4

28.06.2011



Eirik Musland flyttar til Bergen (Foto: Grenda)

Etter den siste kampen før ferien, mot Stord-laget Solid, ligg Rosendal på plass nummer 4 på tabellen. Solid er på plass 2 og kampen om den andre opprykksplassen etter suverene

Lyseloster kan komma til å stå mellom desse.

Solid vann denne gongen 1-0 trass i ein god innsats av gjestene. Neste kamp skal gå mot Baune 2 6. august.

To uskedelingar spela mot Solid - Tommy Røssland og Eirik Musland - og trenar Lars Johan Myklebust var innbyttar.

I første omgang jobba ikkje gjestene samla som eitt lag og kunne hatt 3 baklengsmål mot seg, men etter nokre rokkeringar vart Rosendal sterkare i andre omgangen.

Etter sigersmålet overtok gjestane stadig meir, men dei lyktast ikkje. Trenaren meiner imidlertid at dei skulle hatt ei straffe. Uansett dreg han den konklusjon av vårsesongen at laget høyrer heime i toppen, det har dei vist i prestasjonane mot dei beste klubbane.
- Når vi spelar den fotballen vi skal og er 'på' frå starten er vi eit topplag, seier Lars Johan Myklebust til Grenda.

Uskedelingen Eirik Musland forlet Rosendal til hausten fordi han har fått jobb i Bergen. Det same gjer Espen Aakra. Dei mistar også Sindre Iversen, som skal gå på skule.

Av Ola Matti Mathisen